

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 17/2053-6

Fråværsstatistikk 4. kvartal 2017 samt årsstatistikk 2017 til handsaming i hovudsamarbeidsutvalet

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

Vedlegg:

Hovudtabell 4. kvartal 2017
 Årstabell 2017

Andre relevante dokument i saka:

Statistikkgrunnlag og andre hjelpetabellar og rekneark.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fråværsstatistikken skal tene som grunnlag for å avdekkje mogelege problem i arbeidsmiljøet. Den kan også bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga, eventuelt med bistand frå andre støttespelarar, som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværestal og statistikk har heimel i arbeidsmiljølova [§ 5-1](#) og i folketrygdlova [§ 25-2](#).

For fjerde kvartal 2017 var dei samla registrerte fråværestala noko høgare samanlikna med fjerde kvartal i 2016. For eitt år sidan registrerte vi ved fjerde kvartal eit samla fråvær på høvesvis 4,7 %. Til samanlikning ligg vi no på 5,5 % og med det er stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % ikkje oppfylt ved dette kvartalet.

Fem einingar/LAMU-områder rapporterte fråvær på gjennomsnittleg seks prosent og over dette obs-målet ved tredje kvartal i år. Desse einingane (Hafstad vg skule, Måløy vg skule, Sogndal vg skule, Eid vg skule og tannhelsetenesta samla) vert som tidlegare beden om å utarbeida ei særskild analyse og å tilbakemelde dette til rådmann – jf. sak 09/63-1. Hensikta er at eininga skal kommentere fråværet sitt og leite særskild etter mogleg samanheng med forhold i arbeidsmiljøet. Vidare å prøve finne kva tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær.

Årsstatistikken for 2017 syner samla for begge kjønn fråværestal på 5,1 %. Fordelinga mellom menn og kvinner er høvesvis 3,8% og 6,1%. Sentraladministrasjonen registrerte 3,8 %, Området opplæring (alle vg skulane inkl. fagskulen) hadde samla 5,3 % og i heile tannhelsesektoren vart årstalet samla fråvær på 5,8 %.

1. Kommentar til samla registrering fjerde kvartal 2017

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar ansvarsområda opplæring, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette på fylkeshuset i Leikanger og sentraladministrasjonen sin del av næring- og kulturavdelinga, inkludert andre avdelingar sine satellittkontor, lokalisert til Storehagen 1B, Førde. Frå og med registreringane ved 1. kvartal 2017 blei den tidlegare gruppa «Andre» inkludert i sentraladministrasjonen. Desse nye som no er inkludert er OKOS, fylkesbiblioteket, fylkesarkivet medrekna kommunearkivordninga samt sekretariatet for kontrollutvalet.

4. kvartal 2017										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Kvinner	Sentraladm.	6534,8	56,3	286,7	59,9	87,3	172,8	23,1	343	5,2
Menn	Sentraladm.	8118,6	47,4	242	48,4	77	93,6	70,4	289,4	3,6
Sum Totalt	Sentraladm.	14653,4	103,7	528,7	108,3	164,3	266,4	93,5	632,4	4,3
Kvinner	Opplæring	29398,4	246,8	1807,9	220	476,1	926	432,6	2054,7	7,0
Menn	Opplæring	22627,1	124,8	752,4	120,1	94,3	599,9	62,8	877,1	3,9
Sum Totalt	Opplæring	52025,5	371,6	2560,3	340,1	570,4	1525,9	495,4	2931,8	5,6
Kvinner	Tannhelse	5063,2	62,9	326,7	60,3	140,7	138	50,6	389,6	7,7
Menn	Tannhelse	582,4	9	3	9	3	0	0	12	2,1
Sum Totalt	Tannhelse	5645,6	71,9	329,7	69,3	143,7	138	50,6	401,6	7,1
Sum totalt kvinner		40996,4	366	2421,3	367,6	789,6	1087,1	506,3	2787,3	6,8
Sum totalt menn		31328,1	181,2	997,4	206,1	190,9	670,3	85,9	1178,5	3,8
SUM		72324,5	547,2	3418,7	517,7	878,4	1930,3	639,5	3965,8	5,5

Tabell 1. Samla fráværstatistikk frå 4. kvartal 2017

Tabell 1 over viser det samla sjukefráværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 4. kvartal 2017. Vi registrerte eit samla frávær på 5,5 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi no noko lågare tal enn ved fjerde kvartal i 2016 som då registrerte 4,7 %. Sjå kommentarar knytt til sektorane under.

2. Kommentar til tenesteområda

Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter assisterande direktør, rådgjevar og førstekonsulentar i sentral stab. Tannklinikane rapporterer til den sentrale staben. Klinikksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og med avgrensa personalansvar ved tannklinikane.

4. kvartal 2017										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Kvinner	Tannhelse	5063,2	62,9	326,7	60,3	140,7	138	50,6	389,6	7,7
Menn	Tannhelse	582,4	9	3	9	3	0	0	12	2,1
Sum Totalt	Tannhelse	5645,6	71,9	329,7	69,3	143,7	138	50,6	401,6	7,1

Tabell 2) Fjerde kvartal 2017 frå tannhelsetenesta

I fjerde kvartal i 2016 – for eitt år sidan - registrerte tenesta eit samla snitt på 6,6 %. Tala viser no 7,1 %. Når vi ser på klinikknivå viser dette at to klinikkar/kontor som har null frávær i perioden. Seks klinikkar/kontor har frávær 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta 7,1 % og det utløyser kravet til eigenanalyse/eigenrapport. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidfrávær.

Sentraladministrasjonenⁱ

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen 1B i Førde der kulturdelen av næring- og kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontorplassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen. OKOS har også til no hatt kontorstad her. Dei vil truleg flytte til Concordbygget, Firdavegen 6 i Førde.

Sentraladministrasjonen er rimeleg sektordelt. Felles er at kontormiljø og kontorarbeid kjenneteiknar arbeidsmiljøet, men ikkje berre det. Tekniske tenester, reinhald og deler av arbeidsoppgåvene til kultur (geologar) og arkivtenester har andre arbeidsmiljø enn den typiske kontorarbeidsplassen. Det er variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråværstal. Som elles må ein her vere merksame på at små einingar med få tilsette vil få høge fråværstal rekna i prosent om ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Samla sett registrerar sentraladministrasjonen låge fråværstal. Gjennomsnittet er 4,3 % der kvinner står for 3,6 % og menn 5,2 %. Men også innanfor denne eininga sprik det noko mellom avdelingane. I dette kvartalet er det driftstenesta og innkjøpsavdelinga med høvesvis 13 og 5 tilsette som «toppar» statistikken. Driftstenesta har 14,6 % og innkjøpsavdelinga registrerte 16,1 % fråvær i perioden. Samla gjennomsnittleg fråværstal for sentraladministrasjonen ligg framleis 0,7 prosentpoeng under resultatmålet for verksemda samla.

4. kvartal 2017										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvær	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvær 1-3	Fråvær 4-16	Fråvær 17-56	Fråvær >56	Totalt fråvær	Fråværs prosent
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	
Kvinner	Sentraladm.	6534,8	56,3	286,7	59,9	87,3	172,8	23,1	343	5,2
Menn	Sentraladm.	8118,6	47,4	242	48,4	77	93,6	70,4	289,4	3,6
Sum Totalt	Sentraladm.	14653,4	103,7	528,7	108,3	164,3	266,4	93,5	632,4	4,3

Tabell 3) Fjerde kvartal 2017 frå sentraladministrasjonen

Tenesteområde vidaregåande opplæring

Som vanleg registrerar nokre einingar særst låge fråværstal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skulane moderate fråværstal dette kvartalet også. Der er likevel registrert fire einingar med fråvær over stabiliseringsmålet på 5 %. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 5,6 % der kvinner er ute med 7,0 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarande med 3,9 %.

4. kvartal 2017										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvær	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvær 1-3	Fråvær 4-16	Fråvær 17-56	Fråvær >56	Totalt fråvær	Fråværs prosent
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	
Kvinner	Opplæring	29398,4	246,8	1807,9	220	476,1	926	432,6	2054,7	7,0
Menn	Opplæring	22627,1	124,8	752,4	120,1	94,3	599,9	62,8	877,1	3,9
Sum Totalt	Opplæring	52025,5	371,6	2560,3	340,1	570,4	1525,9	495,4	2931,8	5,6

Tabell 4) Statistikk frå opplæringssektoren fjerde kvartal 2017

Kommentar


Vi registrerar stabile, høvesvis moderate fråværstal ved tenesteeiningane. Fire einingar registrerer fråvær over rapporteringsgrensaⁱⁱ på 6 % dette kvartalet. Desse er Sogndal, Hafstad, Eid og Måløy som registrerer høvesvis 6,6 %, 6,3 %, 6,6 % og 13,5 %.

Sogndal har 12 personar med fråvær over 20 %. Hafstad registrerer 5 personar med fråvær over 20 %. Eid registrere 5 personar med 20% eller høgare fråvær i perioden. Måløy registrerer 13 personar med gjennomsnittlege fråvær i perioden på over 20%. LAMU handsamar statistikken og vil rapportere særskild om forholda. Desse langtidsfråværa trekk i vesentleg

ⁱ Tilsette som høyrer til ytre kultursektor har vore plassert under gruppa *Andre*. Ny organisering tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Det vil bety at «Andre» vil inngå i sentraladministrasjonen.

ⁱⁱ Dei einingane med fråvær lik og større enn 6 % rapportere særskild til fylkesrådmann med analyse av fråværet.

grad opp snittet ved disse einingane. Fråvær over 6 % vert spesielt rapportert og kommentert frå eininga etter vedtak i dei respektive LAMU.



Grafikk 1. Gjennomsnittleg fråvær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og landslineskulen i Aurland)


Tabellen under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønn.

Arbeidstad	KJ	Bemanning	Mogelege dagsv. netto	Egenm. fråvær dagsv.	Sjukem. dagsv	S.fråvær 1-3 dagsv	Fråvær 4-16 dagsv	Fråvær 17-56 dagsv	Fråvær > 56 dagsv	Sum fråvær dagsv	Fråværs prosent
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	27,0	1 379	20,5	74,1	18,5	23,9	13,7	38,5	94,6	6,86
	M	19,0	979	12,0	15,0	14,6	12,4	0,0	0,0	27,0	2,76
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE		46,0	2 357,4	32,5	89,1	33,1	36,3	13,7	38,5	121,6	5,16
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	91,0	4 976	31,0	328,3	31,0	91,1	174,2	63,0	359,3	7,22
	M	63,0	3 744	17,0	200,9	17,0	0,0	200,9	0,0	217,9	5,82
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE		154,0	8 720,3	48,0	529,2	48,0	91,1	375,1	63,0	577,2	6,62
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	K	16,0	870,0	6,5	40,4	6,5	0,0	0,0	40,4	46,9	5,39
	M	16,0	913,1	3,0	25,7	3,0	4,0	8,7	13,0	28,7	3,14
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE		32,0	1 783,1	9,5	66,1	9,5	4,0	8,7	53,4	75,6	4,24
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	K	71,0	3 668	20,8	132,6	18,8	84,2	50,4	0,0	153,4	4,18
	M	90,0	4 823	21,2	118,9	12,2	46,4	81,5	0,0	140,2	2,91
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE		161,0	8 490,8	42,0	251,5	31,0	130,6	131,9	0,0	293,6	3,46
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	K	54,0	2 886	39,5	55,1	39,2	16,9	38,6	0,0	94,6	3,28
	M	19,0	1 009	11,0	138,5	14,0	14,0	99,5	22,0	149,5	14,81
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE		73,0	3 895,3	50,5	193,6	53,2	30,9	138,1	22,0	244,1	6,27
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	K	8,0	418	4,2	1,4	0,2	5,4	0,0	0,0	5,6	1,34
	M	28,0	1 299,0	7,4	0,0	7,4	0,0	0,0	0,0	7,4	0,57
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane		36,0	1 716,8	11,6	1,4	7,6	5,4	0,0	0,0	13,0	0,76
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	K	23,0	1 203	19,5	41,7	15,0	21,6	24,7	0,0	61,2	5,09
	M	18,0	895	6,0	50,0	6,0	0,0	50,0	0,0	56,0	6,26
DALE VIDAREGÅANDE SKULE		41,0	2 097,7	25,5	91,7	21,0	21,6	74,7	0,0	117,2	5,59
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	K	60,0	3 413	32,7	205,4	28,1	73,6	118,3	18,1	238,1	6,98
	M	38,0	2 187	10,0	6,3	13,8	2,5	0,0	0,0	16,3	0,75
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE		98,0	5 600,1	42,7	211,7	41,9	76,1	118,3	18,1	254,4	4,54
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	K	51,0	2 685	25,3	176,4	22,9	59,9	47,5	71,4	201,7	7,51
	M	21,0	1 255	11,9	20,0	14,9	7,0	10,0	0,0	31,9	2,54
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE		72,0	3 940,7	37,2	196,4	37,8	66,9	57,5	71,4	233,6	5,93
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	K	33,0	1 739	2,6	75,9	2,6	13,7	10,4	51,8	78,5	4,51
	M	28,0	1 470	5,0	27,8	1,0	4,0	0,0	27,8	32,8	2,23
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE		61,0	3 209,1	7,6	103,7	3,6	17,7	10,4	79,6	111,3	3,47
EID VIDAREGÅANDE SKULE	K	48,0	2 522	16,6	238,0	19,6	26,8	115,2	93,0	254,6	10,09
	M	28,0	1 554	12,2	1,3	12,2	0,0	1,3	0,0	13,5	0,87
EID VIDAREGÅANDE SKULE		76,0	4 076,7	28,8	239,3	31,8	26,8	116,5	93,0	268,1	6,58
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	K	49,0	2 519	13,0	433,8	12,5	44,8	333,0	56,4	446,7	17,73
	M	35,0	1 923	4,0	148,0	4,0	0,0	148,0	0,0	152,0	7,90
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE		84,0	4 442,2	17,0	581,8	16,5	44,8	481,0	56,4	598,7	13,48
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	K	27,0	1 120	14,7	5,0	5,2	14,5	0,0	0,0	19,7	1,76
	M	12,0	576	4,0	0,0	0,0	4,0	0,0	0,0	4,0	0,69
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE		39,0	1 695,5	18,7	5,0	5,2	18,5	0,0	0,0	23,7	1,40
Sum skulane 3. kv 2017	K	558,00	29398,60	246,90	1808,10	220,10	476,40	926,00	432,60	2054,90	6,99
	M	415,00	22627,10	124,70	752,40	120,10	94,30	599,90	62,80	877,20	3,88
		973,00	52025,7	371,6	2560,5	340,2	570,7	1525,9	495,4	2932,1	5,64


Tabell 5) Fjerde kvartal 2017 frå tenesteområdet dei vidaregåande skulane

3. Utvikling over tid


Dei grafiske framstillingane under viser det registrerte fråværet frå første kvartal 2013 til og med 4. kvartal i 2017. Fråværet ligg framleis på eit høvesvis lågt gjennomsnitt og viser stabilitet andsynes dei kjende årstidsvariasjonane.



Grafikk 2) Fråværsutvikling - alle einingane frå 1. kvartal 2013 til og med 4. kvartal 2017



Grafikk 3) Fråværsutvikling - tannhelsetenesta frå 1. kvartal 2013 til og med 4. kvartal 2017



Grafikk 3) Fråværsutvikling - opplæring frå 1. kvartal 2013 til og med 4. kvartal 2017

Fylkeskommunen sitt overordna mål er å stabilisere sjukefråværet på 5 %. Men dette betyr ikkje at einingane skal ha same målet. Einingane kan ut i frå egne føresetnader gjere vedtak om eit endå meir ambisiøst mål. Alle LAMU/eingar er ferdig med å operasjonalisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla i IA-avtalen. Ein styrke er at verksenda sine hmt-mål i samband med systematiske hmt-arbeide (internkontroll) no er samordna med IA-måla. Ein har med dette oppnådd å integrere IA-delmål *ein* i eininga sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

4. Årsstatistikk 2017

Årsstatistikken for 2017 syner samla for begge kjønn fråværestal på 5,1 %. Fordelinga mellom menn og kvinner er høvesvis 3,8 % og 6,1 %. Sentraladministrasjonen registrerte 3,8 % der fordelinga mellom menn og kvinner var høvesvis 2,9 % og 4,8 %. Området opplæring (alle vg skulane inkl. fagskulen) hadde samla 5,3 % med menn/kvinne fordeling slik, 4,1 % og 6,3 %. I tannhelsesektoren samla vart årstallet samla fråvær på 5,8 %. Her var menn representert med 2,6 % og kvinner med 6,2 %. Sjå årstabellen under.

Årstabell 2017										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte fråvær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Fråvær 1-3 dagsverk	Fråvær 4-16 dagsverk	Fråvær 17-56 dagsverk	Fråvær >56 dagsverk	Totalt fråvær dagsverk	Fråværs prosent
Kvinner	Sentraladm.	24437,6	256	923,1	233,3	297,5	489,4	159	1179,1	4,8
Menn	Sentraladm.	30901,1	208,4	701,5	190,4	190,8	223,4	305,3	909,9	2,9
Sum Totalt	Sentraladm.	55338,7	464,4	1624,6	423,7	488,3	712,8	464,3	2089	3,8
Kvinner	Opplæring	106758,4	804,5	5941,8	713,1	1500,9	3023,9	1508,5	6746,3	6,3
Menn	Opplæring	84207	404,3	3064,1	356,4	692,7	1727	692,4	3468,4	4,1
Sum Totalt	Opplæring	190965,4	1208,8	9005,9	1069,5	2193,6	4750,9	2200,9	10214,7	5,3
Kvinner	Tannhelse	19178	241,1	951,2	222	495,1	372,6	102,6	1192,3	6,2
Menn	Tannhelse	2297,6	32	27,2	34	25,2	0	0	59,2	2,6
Sum Totalt	Tannhelse	21475,6	273,1	978,4	256	520,3	372,6	102,6	1251,5	5,8
Sum totalt kvinner		150374	1301,6	7816,1	1168,4	2293,5	3885,9	1770,1	9117,7	6,1
Sum totalt menn		117405,7	644,7	3792,8	581,2	941,3	2032,3	851,4	4437,5	3,8
SUM		267779,7	1946,3	11608,9	1749,2	3202,2	5836,3	2767,8	13555,2	5,1

Tabell 6) Årstabell 2017

5. Konklusjon/tilråding

Registreringane frå fjerde kvartal viser at vi ligg 0,5 prosentpoeng over stabiliserings- og IA-målet på fem prosent. Årsstatistikken er viser noko betre tal enn fjerde kvartal. Her ender vi på 5,1 % gjennomsnittlege frå for alle tilsette i fylkeskommunen. Trenden over tid viser stabilitet på eit høvesvis lågt nivå.

Fylkesrådman opprettheld kravet til at einingar med registret kvartalsfråvær på eller over seks prosent rapporter etter den gjevne malenⁱⁱⁱ. Fylkesrådman rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

ⁱⁱⁱ For at vi får ei eins rapportering og for at ein berre kommenterer mogeleg arbeidsmiljørelatert fråvær, ber om at tilbakerapporteringa følgjer denne malen:

Vår analyser viser at X vidaregåande skule (sentraladministrasjonen/tannhelsetenesta) registrera X % gjennomsnitt, der kvinner har X % og menn X %. Ved skulen arbeider det X personar. X personar hadde ikkje fråvær i perioden, det vil seie at X % av dei tilsette har 100 % nærvær. Mellom dei med særleg langt sjukefråvær (over 20 %) finn vi X personar. Dette utgjør X av arbeidsstokken.

Skriv kommentar til mogeleg arbeidsmiljørelatert fråvær. Her skriv du ein kort kommentar til det fråværet du meiner har eller kan ha samanheng med forhold i arbeidsmiljøet og kva tiltak ein ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær. Gjerne også kva som er utført i høve det aktuelle tilfelle. Vi vil også ha ein vurdering om fråværet ikkje kan relaterast til arbeidsmiljøet.

Vi ønskjer tilbakermeldinga anonymt – ingen skildring av diagnoser og namn på tilsette.